

## Rutine løypekøyring i Ål vinteren 2017/2018

Dei fleste løypene skal være oppkøyrd kvar laurdag og søndag f.o.m. veke 50 t.o.m. veke 16 så sant det er behov for det. Preparering av høg fjellsløypene startar stort sett litt ut i sesongen.

Dagleg køyring (ved behov) i jule- og nyttårshelga samt i vinterferien f.o.m. laurdag i veke 6 og heile veke 7, 8 og 9. Det same gjeld i påska f.o.m. palmelaurdag t.o.m. 2. påskedag. **Sjå meir detaljert informasjon for kvart løypeområde nedanfor og status på skisporet.no**

Ved køyring skal det være oppkøyr ut frå alle parkeringsplassar før kl.11.00. Ved ordinære vær-forhold startar løypekøyringa mellom kl. 07.00 – 09.00.

**All planlagt løypekøyring føreset at snømengde, vær- og vind er slik at prepareringa let seg gjere med tilfredsstillande resultat, og alle sin sikkerheit.** Køyring på myrer og islagte vatn føreset at det er trygt å ferdast med prepareringsutstyret. Arbeidet med skiløypene baserer seg mykje på dugnadsarbeid.

**Løypebidrag.** *Det snør ikkje skispor*, så me håpar du vil bidra til løypekøyringa i Ål. Sjå konto-nummer for det enkelte løypelag nedanfor og betal til eit av løypelaga eller del beløpet på fleire.

**Morgonløyper:** Vil du tidleg ut er det best å starte i løypene ut frå Liatoppen Skisenter. Følg og med på <http://skisporet.no/buskerud/alhallingdal>.

**Tidleg sesongstart:** Løypene ut frå stadion på Liatoppen Skisenter samt Bygdaløypa i Vats/ Bergsjøområdet vil være dei fyrste som er klare for dei blir preparert frå fyrste snøfall.

### Lysløyper

Sjå informasjon om lysløypene på Ål sin nettside:

<http://www.al.no/no/html/aktiviteter/vinter/langrenn/lysloyper/>

Kontaktinfo: Ål Utvikling AS, [post@alutvikling.no](mailto:post@alutvikling.no), tlf. 32 08 43 60. [www.al.no](http://www.al.no)

Siste nytt om løypeprepareringa ser du på <http://skisporet.no/buskerud/alhallingdal>

## Meir detaljert informasjon om kvart enkelt løypeområde

### Bergsjøområdet:

**Sjå løypekartet i [Bergsjøområdet sin vinterbrosjyre](#). Der fortel fargekoden på løypene om når dei ulike løypene brukar å blir preparert:** *(Vær merksam på at løypestikk ikkje har fargekoder).*

Jul og nyttår ..... Grøne løyper  
Kvardagar fra nyttår til vinterferie..... Grøne løyper

Helger fra nyttår til vinterferie..... Grøne og blå løyper  
Vinterferie ..... Grøne, blå og røde løyper  
Kvardagar mars – medio april ..... Grøne og blå løyper  
Helger mars – medio april ..... Grøne, blå og røde løyper  
Påskan ..... Grøne, blå, røde og gule løyper

Det er lys i bygdeløypa frå idrettsplassen i Vats og opp mot Skarslia.

Kontaktinfo: Leiar i løypelaget Kåre Berg [post@bergsjostolen.no](mailto:post@bergsjostolen.no)

Løypebidrag betalast til konto nr. 2320.15.47903.

**Sjå også [Bergsjøområdet](#) på facebook.**

### **Liatoppen/ Votndalsåsen:**

**Sjå løypekart i [Liatoppen sin brosjyre](#).**

- Skogsløypa: (*raud stikk*): Blir køyrt i helgar og på torsdagar (ved snøfall).
- Kinnhovdløypa: (*grøn stikk*): Blir køyrt helgar og på torsdagar (ved snøfall).
- Gaukeliløypa: (*orange stikk*): Blir køyrt kvar helg og i vinterferie/påskan. Ved dårlig vær blir løypa køyrt til Svarthamar.
- Fjelløypene: (*svart stikk*): Blir stikka i januar og køyrt i vinterferien og påskan. Strekinga Svarthamar – Kråkhamar (del av Hallingdalsløypa Nord) blir køyrt alle helgar fra 15.02.
- Svartetjernløypa: Med snøscooter i vinterferien og påskan.
- Påskeløype: Mellom Kråkhamar og Nystølane
- Lysløypa: køyrt tysdag – sundag (ved snøfall). Lysa er tent fram til kl. 23.00 kvar kveld.

Kontaktinfo: Kåre Hagen tlf. 901 75 701 / Svein Åsmund Tveito tlf. 918 64 965.

Løypebidrag betalast til konto nr. 2320.07.17155.

**Sjå og løyperapportar på [www.liatoppen.com](http://www.liatoppen.com)**

### **Torpoåsen:**

**Sjå kart og informasjon i [brosjyre/løypekart](#) for Opheim – Torpoåsen – Skaraåsen.**

Løypekøyninga startar så fort det er forhold til det. Uværsløypa blir køyrt kvar helg, og torsdag ved store snøfall. Resten av løypenettet blir køyrt opp i helgene. Løypa over til Hemsedal blir stikka og køyrt opp til vinterferien.

Etter vinterferien startar køyninga på fredag, då blir heile løypenettet køyrt.

Kontaktinfo: Iver Svare tlf. 900 36 340 / Ola Sletto tlf. 900 36 442 / Ove Thorshaug tlf. 907 32 142

Løypebidrag betalast til konto nr. 2324.07.13365.

**Sjå og bilete / løypestatus på facebook, [Torpo Skiløypelag](#)**

## **Kvinnegardslia/ Øvre-Ålsåsen:**

Sjå [løypekart og informasjon](#) på Ål sin nettside.

Skilta i løypa har piktogram med ulik farge som fortel kor krevjande løypene er. **Grøn farge** på lette løyper. **Blå farge** på middels krevjande løyper. **Raud farge** på krevjande løyper.

Raudfarga løype frå Einarset til Mykingstølen blir køyrd opp frå og med vinterferien og ut sesongen.

Dei grøne skogsløypene blir køyrd i veka ved behov.

Løypekøytinga i området tek til mellom kl. 09.00 – 10.00.

Kontaktinfo: Kåre Magne Holo tlf. 909 74 862

Løypekøyrrar Kvinnegardslia Erling Tveito tlf. 415 66 763

Løypebidrag betalast til konto nr. 2320.20.70485.

## **Veståsen/ Sangefjell:**

Sjå [løypekart](#) for området.

Løypene blir stort sett køyrt i samband med helg, men ved store snøfall kan delar av løypenettet blir køyrt også midt i veka. Løypene på snaufjellet blir ikkje køyrt når det er sterk vind og snøføyke.

Kontaktinfo:

Veståsen: Halgrim Sataslåtten tlf. 419 22 467

Heimstølvoda: Stig Boholm tlf. 907 31 912.

Løypekjører Veståsen / Heimstølvoda: Arne Olav Gullhagen tlf. 992 93 818.

Sangefjell: Halgeir Viken tlf. 48153049 e-post [halge-vi@online.no](mailto:halge-vi@online.no)

Løypekøyting Sangefjell: Jan Idar Dalseide tlf. 415 18 445 / Ståle Dalseide tlf. 952 59 092.

Løypebidrag betalast til konto nr:

Sangefjell: 2320.32.77962 / Veståsen: 2320.20.75878 / Heimstølvoda: 2324.15.31856.

**Følg Veståsen på [Facebook](#). Følg Sangefjell på [Facebook](#).**

## **Sundre Skiforening**

Sundre Skiforening driftar nedre del av Hallingdalsløypa frå Blautmyrkroken til Hallingdal Feriepark

Kontaktinfo: Jens Petter Brandlie tlf. 924 54 114 / [jbrandlie@hotmail.com](mailto:jbrandlie@hotmail.com)

Løypebidrag betalast til konto nr. 2320.17.24821

**Følg Sundre Skiforening på [Facebook](#)**

## Generell info om skiløypene i Ål

### Hallingdalsløypa Nord og Hallingdalsløypa Sør (tidlegare Eventyrløypa)

Sjå informasjon her:

<http://www.al.no/no/html/aktiviteter/vinter/langrenn/hallingdalsloypa/>

Dei fleste strekningane av Hallingdalsløypa blir preparert og skal være oppkøyrte i helgar, ferieveke og høgtider fra og med laurdag i veke 7 til og med veke 16.

**Hallingdalsløypa Sør** Sør-løypa strekker seg fra Ustaoset via Kikut, Sangefjell, Veståsen og Nes til Norefjell, totalt 144 km. Ein kan og starte å gå løypa Veståsen eller Sangefjell på Ål.

**Hallingdalsløypa Nord** Nord-løypa går fra Myrland via Bergsjøområdet, Tormodset, Gaurhovd og til Gol Skipark, totalt. 77 km.

### Skiløypenettet i Ål

I Ål finn du 430 km med skiløyper, både i skogsterreng og i høgjellet. Dei fleste stader er det løyper både for klassisk og skøyting. På Liatoppen Skisenter finn du Ål sine konkurranseløyper. Stort sett alle løyper blir køyrte med moderne løypeprepareringsmaskiner som har GPS for tracking via

<http://skisporet.no/buskerud/alhallingdal>

### Bandtvang

Det er utvida bandtvang i maskinpreparerte skiløyper og trasear heile skisesongen. Dette i flg. endra § 3 i forskrift om hundehald i Ål kommune mai 2015.

Utfyllande informasjon, tur-tips og film om langrennstilbodet i Ål finn du på

<http://www.al.no/no/html/aktiviteter/vinter/langrenn/>

